

Referat frå soknemøte 7. juni 2026

Saksliste:

1. Sakslista blei godkjent.
2. Marit Sørby ordstyrar
3. Astrid Breivik referent
4. Herdis Nordbø Jørgensen og Hanne Roholt underteiknar protokollen.
5. Gjennomgang av årsmeldiga:
 - 5.2 Utval, komitear og representasjon. Hanne Roholt er også i diakoniutvalet.

Hjartesukk - det trengs fleire menn i det friviljuge arbeidet!

7. Økonomi:

Korleis er eigentleg den økonomiske stoda? Rekneskapen syner eit lite overskudd, men burde det ikkje vore meir med tanke på lågare lønsutgifter?

Det har vore eit vanskeleg år med utskiftingar i staben med liten eller ingen overlapping. I periodar har det vore for få på jobb. Det er eit krevande system å sette seg inn i og vanskeleg å få ein total oversikt.

I møte med økonomisjefen, som òg er ny, kom det fram at kommunen har vore for sein med siste overføring. Den summen er no ført over.

For langtidssjukemeldte kjem det inn overføringar frå NAV. Korttidssjukemeldingar må vi dekke sjølv.

Økonomisjefen er open for henvendelsar ang. budsjett og økonomi.

8. Soknerådet sitt arbeid

8.1 Gudstenestelivet i soknet

Særlege gudstenester: Det var utegudsteneste i Ordal.

8.2 Trusopplæringa.

KUL: Pkt. 4 skal slåast saman med pkt. 3.

Konfirmantarbeid:

Sp. mål - korleis er det lov å markedsføre konfirmasjon i kyrkja? Vi kan sende invitasjon til dei som er døypte, bruke avisa og sosiale medier. Forslag om felles annonse for kommunane i V-Telemark der det kjem fram at alle er inviterte, døypte eller ikkje.

Hovudansvaret for annonsering ligg på kyrkjekontoret.

Grunna unntakstilstand der dei to siste åra, har invitasjonane kome litt seint. Ønske er å vere tidleg ute!

Kvar 3. veke har konfirmantane hatt samling i kyrkjestoga saman med Sigrun prest.

Påminning - som kyrkje er vi alle med og har ansvar for konfirmantane!

Avslutta med helsing frå Eilev med mange god-ord om alt arbeidet som går føre seg i kyrja, særleg diakonalt!

Stor takk til alle frivillige for innsatsen som blir lagt ned!!! Det er moro å lese årsmeldinga!!!

Ref. Astrid Breivik